



SAKSHANDSAMAR
Elisabeth Nordling

VÅR DATO
23.06.2022

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
22/02557-4

DYKKAR REF.
Digisak-ID 63814

DYKKAR DATO

Henny Staalnacke
Setrevegen 7
6781 STRYN

Lensmannsgarden Tingvoll – Avgjerd av klage på tilskot

Innleiing

Me viser til klaga di, Digisak ID 63814, datert 3. mai 2022. Klaga gjeld avslaget frå Vestland fylkeskommune på søknad om tilskot etter forskrift om tilskudd til fredete kulturminner i privat eie.

Klaga er oversend til oss i Digisak innan klagefristen og blir behandla.

Me har fått merknadene dine til fylkeskommunens oversending, datert 9. juni 2022. Saka er tilstrekkeleg opplyst.

Riksantikvaren har vurdert alle sider av saka og komme til at det ikkje er grunnlag for å gjere om vedtaket. Klaga blir ikkje teken til følgje.

Bakgrunn for saka

De søkte om tilskot til gjenoppretting av tapet i stover i lensmannsgarden Tingvoll i Stryn kommune. Tapeta vart vannskada på grunn av lekkasje.

Vestland fylkeskommune av slo søknaden i vedtak datert 19. april 2022. Avslaget var grunnlagt med at tapetane som er skadde er ikkje originale og ikkje av betydning for formålet med fredinga. Vestland fylkeskommune vil ikkje stille krav om tilbakeføring eller kopiering av tidlegare tapet, noko som gjer at kostnadene med istandsetting ikkje vil vere større enn i eit ikkje freda hus.

Innhaldet i klaga

De klaga på avslaget i Digisak. I klaga ber de om ei ny vurdering, og skriv at:

Grunna råteskader etc. vart tapet skada. Skulle eg ha gjenoppretta den som var, (ein velourtapet) når Tingvoll vart freda (2011) ville det ha kosta mykje meir. Difor valde eg å gjenopprette Jugend/klassisme-tapeten som eg fann ein bit av i underste laget, ein papirtapet. Vi eigarar av freda hus i privat eige gjer arbeidet for **dykk** med stor personleg innsats.

Vestland fylkeskommune si vurdering av klaga

På grunn av reduksjon av tilskotsposten har alle fylka i år fått ein lågare sum enn det ville ha vore med fjorårets nivå. Midlane som er til fordeling i år, utgjer rundt 30 % av den samla søknadssummen. Det har difor vore naudsynt å prioritera hardt i fordelinga av tilskot.

Forskrifta for ordninga har nokre overordna føringar for tildelinga av tilskot: Kulturminne som inneber særleg tyngande vedlikehalds- og istandsettingsoppgåver for eigar, og bygg og anlegg der særleg store kulturminneverdiar står i fare for å gå tapt, skal prioriterast. Som hovudregel skal ikkje tilskotet overstige 50% av totalkostnaden for eit tiltak. Unntak frå dette må vurderast i lys av verdien til kulturminnet, nytten som eigaren har av bygningen, og om det føreligg eit urimeleg stort vedlikehaldsansvar.

For dei einskilde søknadene er det gjort ei heilskapleg vurdering, der faktorar som skadebilete og konsekvensane av skade, kostnader, antikvarisk nivå på istandsettinga, nytteverdien for eigar, kvaliteten på søknaden og dei nærare kulturminneverdiane til kvart enkelt kulturminne, inngår i vurderinga.

Som det går fram av omtalen i tildelingsaka har fylkeskommunen ikkje stilt krav om tilbakeføring eller kopiering av tidlegare tapet. Kostnadane med istandsetting vil difor ikkje bli større enn i eit ikkje-freda hus. Tingvoll er eigars bustad og det er difor ikkje urimeleg at eigar tar kostnaden med ny tapet.

Merknader til Vestland fylkeskommune si oversending

Når eigarar av freda hus i privat eige gjer ein unik jobb for nasjonen og dens kulturskatter, med sin entusiasme, og då blir møtt med at: Kvifor velge så dyr tapet?.. Korleis vil de då at lennsmannsgården frå 1932 fortsatt skal stå i si prakt? Skal det vere ein belastning for meg å vere ein del av kulturhjelparane? Dessutan må de vere flinkare med at når vi starter på prosjekt, er det ofte mange overraskinger undervegs, og då verd det mange søknader, og prosjekta kjem

seint i hamn, og då er det viktig at ikkje de stopper opp, for eksempel. Med denne siste delen av roteskadesaka. Prosjekta må fylgjast frå A til Å.

Riksantikvarens vurdering

Formålet med tilskotsordninga er å verna freda kulturminne og kulturmiljø i privat eige og å bidra til at slike blir sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Tilskotsordninga skal sikra kulturminne og kulturmiljø sin verdi som kjelde, og at føresetnader for å gi opplevingar blir teken vare på, og leggja til rette for berekraftig verdiskaping og bruk.

Det er Vestland fylkeskommune som prioriterer tiltak og vurderer kva ein ønskjer å få ut av tilskotsmidlane, som blir fordelte mellom fylkeskommunane av Riksantikvaren.

Midlane frå tilskotsposten skal i hovudsak nyttast til å dekkja meirkostnader, heilt eller delvis, som følgjer av krav til antikvarisk utføring. Riksantikvaren tykkjer det er positivt at de er opptekne av å verna dei unike kvalitetane på Tingvoll og ønskjer å behalda så mykje som mogleg. Eit godt kulturminnevern er avhengig av den store innsatsen de som eigar gjer. I denne saka vert det ikkje gitt vilkår om tilbakeføring eller kopiering av tidlegare tapet. Det vil derfor ikkje komma meirkostnader som kan krevjast dekt.

Avgjerd

Riksantikvaren er samd i fylkeskommunen si vurdering. Klaga tas ikkje til følge.

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningsloven § 28.

Beste helsing

Anne-Judith Munthe-Kaas
avdelingsdirektør
leiar juridisk seksjon

Elisabeth Nordling
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN